



Handeland Byggsøk

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2225 - 16/17353

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

09.09.2016

Mangelsbrev - GBNR 38/2 - Søknad om løyve til deling av eigedom - Refskar

Viser til søknad om løyve til deling av gbnr. 38/2, journalført motteke 2.9.2016.

Det omsøkte arealet er i arealdelen til kommuneplanen (KPA) satt av til spredt bustadbygging. Det følgjer av føresegn 3.2 til KPA at område for spreidd byggeområde kan i planperioden byggjast ut med det tal einingar som er nemnt i tab.7 (bustad) og 8 (næring).

I følgje føresegn 3.2.3 tab. 7 kan det byggjast to nye einingar i planperioden på Refskar innanfor område SB_20 som det omsøkte arealet ligg innanfor. Dette inneber at to parsellar kan delast frå og bebyggast med ein einebustad på kvar tomt utan sekundærleiligheit, eller ein parsell kan delast frå og bebyggast med einebustad med sekundærleiligheit.

Dette inneber at de må anten endre søknaden eller søkje om dispensasjon frå antall tillatt frådelingar, jf. tab. 7 i KPA. Ein slik dispensasjon må nabovarslast.

Eigar av gbnr. 38/82 må uansett nabovarslast, då desse ikkje har fått varsel tidlegare.

De må også leggje fram privat avtale om rett til veg, vatn og avlaup i samsvar med plan- og bygningslova §§ 27-1, 27-2 og 27-4 før søknad om deling kan handsamast, då desse forholda må vere «sikret» før oppretting av ny grunneigedom kan skje.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:
Handeland Byggsøk